



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP.	
13 JAN 2005	
04/2771-58	
Art.	013
Avd.	RA / SAA / NAG

Vår ref.
03/01212-014/ORD

Arkivkode
020

Dykkar ref.

Dato
11.01.2005

MELDING OM VEDTAK - HØYRING PÅ DISTRIKTSKOMMISJONEN SI UTGREIINGUTTALE FRÅ VAKSDAL KOMMUNE

Kommunestyret handsama i møte 10.01.2005 sak 0003/05.

Følgjande vedtak vart fatta:

Kommunestyret vedtek høyringsuttalen slik den framgår i saksframstillinga:

"Vaksdal kommune synes det er mest praktisk å handsama heile høyringa innan fristen 14. januar 2005, sjølv om det var gitt to ulike fristar. Denne høyringsuttalen gjeld derfor heile meldinga.

Vaksdal kommune synes det er viktig med raske avklaringar på korleis framtidens forvaltningsstruktur skal sjå ut. Dette arbeidet haster og dette må derfor ikkje trekke ut over fleire år, når det allereie er ganske klart at fylkeskommunen som organ er fråteke oppgåver og derfor ikkje lenger har den nødvendige robusthet for å møte framtidens krav til effektiv forvaltning. Desse store omstillingsprosessane tærer på kommunal og fylkeskommunal energi når de drar for langt ut i tid.

Vaksdal kommune er for ein tre-nivå modell for framtidig organisering av Noreg. Dette fordi det er viktig å ha et nivå over kommunane som kan ivareta samordning av viktige regionale oppgåver mellom naturlige geografiske områder. Samferdsel er eit eksempel på ei slik viktig regional oppgåve. Vi ønskjer ikkje ein ny overkommune (tidligere fylkeskommune).

Vi støtter hovudforslaget om 7 regionar. Dette vil gje ein riktigast inndeling av landet i oversiktlige forvaltningsområder, som gjev likeverdige geografiske einingar.

Kva oppgåver skal det regionale leddet ha (makt og oppgåvefordeling)?

Vi er einige med distriktskommisjonen i at Noreg er for sentralstyrt i sin noverande form. Det er mange avgjersler som i dag takast nasjonalt, som heilt klart ikkje tek vare på dei spesielle geografiske utfordringane og mogelegheitane som regionane har. Vi meiner derfor at det er på tide med ein delegering av mynde og ansvar til dei regionale ledd, som kan utforme retningslinjer basert på betre lokal kjennskap til disse utfordringane og mogelegheitane.

Staten må i framtida delegere fleire heile oppgåver til regionane.

Nokre av disse delegerte oppgåvene kan vera følgjande:

- Regional næringsutvikling – næringsstøtte/distriktsstøtte
- Samordningsoppgåver for regionen i forhold til internasjonale marknader og aktivitetar
- Ressursforvaltning som basis for ressursbasert næringsutvikling (landbruk, fiskeri/havbruk, kraft-/petroleumbasert industri, reiseliv, etc.)
- Utdannings-/opplæringsstilbod på vidaregåande nivå og høgskule-/universitetsnivå

- Anna kunnskapsbasert infrastruktur (kvalifiserande arbeidsmarknadstiltak, FoU-institusjonar, regionalisering av Noregs forskingsråd o.a.)
- Samferdsel og transporttenester (veg, bane, båt, fly, telekom/breidband)
- Kulturtilbod (kunst- og kunstformidling, idrettspolitikk og forvaltning av spelemidler, kulturminnevern og internasjonalt kultursamarbeid)
- Helsetenester (planorientert folkehelsearbeid, lokalisering av regionale helsetenester)
- Miljøpolitikk – bærekraft
- Regional planlegging og territoriell samordning

Detaljstyring frå staten har kjenneteikna forvaltninga i dei siste åra, kor lokalpolitikarar og administrasjon føler ein viss frustrasjon sett i forhold til lokaldemokratisk handlefridom og lokaldemokratiske prinsipp.

Vi ser ein stor fare i at staten ved stortinget ikkje er villig til å delegere ut totalt ansvar for områder, som i andre land ligg meir desentralisert. Dette må utfordrast.

Korleis skal det regionale leddet styres?

Vi meiner at det regionale leddet må vera demokratisk styrt ved politisk valte representantar og ikkje embetsmannsstyrt (eller "govenørstyrt"). Vi meiner at indirekte valte representantar best ivaretek innbygjarane sine interesser i et slikt regionalt samordningsledd. Dette forutsett at kommunestrukturen justerast slik at det er færre kommunar som sender representantar enn dagens ordning. Berre i Hordaland er det 33 kommunar i dag. Dette er for mange til at regionsnivået blir et effektivt styringsorgan. Vi kan ikkje ende opp med nærmare 100 representantar i et Vestlandsråd. Ein fornya kommunestruktur kan løysa dette. Eit alternativ kan vera lokalregions representantar frå kommunane, som for eksempel representerer fleire nabokommunar.

Eit spørsmål er om vi får ein regional "fylkesmannsrolle" som ivaretek tilsynsrolla overfor den kommunale og den regionale forvaltninga. Vi ser for oss ein samordna "regionalmannsrolle" som er administrert frå eit sted. Fylkesnivået bør ikkje bestå når vi nå legg om.

Vi må få ein eins samordning av dei statlige etatar etter felles grenser. I dag er den statlige regioninndelinga veldig ulik avhengig av etat (for eksempel vegkontor, kystverk, aetat, etc.).

Sentraladministrasjonen for regionsnivået må reflektere organiseringa av regionsnivået og ikkje bestå som fylkesadministrasjonar i ein "skyggeorganisasjon".

Korleis bør kommunane dimensjonast oppi dette?

Kommunane må få delegert dei oppgåvene som best kan løysast på lokalt nivå (Leon-prinsippet). Dette kan i tillegg til dagens oppgåver vere arbeidsformidling, koordinering av trygdeytningar, etc.

Vaksdal kommune vil elles vere aktive og konstruktive i prosessen som pågår i samband med kommunestruktur prosjektet."

Rett utskrift:


Øistein Søvik
Rådmann

Kopi til:
Kommunenes Sentralforbund
Kommunenes Sentralforbund Hordaland
Hordaland fylkeskommune